



## Referat

### Årsmøte i Vassvøri sogelag 23.mars 2026 kl. 18.00

### i heradshuset på Evanger

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna årsmøtet og ynskte velkomen. Det møtte 21 medlemmer. Møtelyden starta med 1 minutt stille for tre medlemmer som er gått bort: Kari Mykkeltveit, Johannes Mæland og Ingmar Mykkeltveit.

#### **Årsmøtesaker:**

Som ordstyrar vart valt Grethe Finsrud Agerlie, og som referent Kåre Olav Aldal. Til å skriva under møteboka vart valt Maya Mykkeltvedt og Einar Horvei.

Det var ingen merknader til kunngjeringa av årsmøtet. I år vart årsmøtet også kunngjort med lysing i «Hordaland».

**Årsmelding:** Kåre Olav Aldal las opp årsmeldinga for 2025, som og var kopiert opp og utdelt. Det var ingen merknader til årsmeldinga, som vart godkjent av årsmøtet.

**Rekneskap:** Svein Mykkeltvedt delte ut samandrag av rekneskapen for 2025, som var kopiert opp og delt ut. Han gjekk gjennom kvar enkelt post. Kapitalen har auka med kr 64.308,33 dette året. Rekneskapen vart godkjent av årsmøtet.

**Innkomne saker:** Styret har motteke ei sak til årsmøtet, innsendt av Arne Skjerven. Saka vart presentert på skjerm og vart lese opp for årsmøtelyden. Saka har slik slik ordlyd:

#### *«OPPFYLJING AV HEIMESIDA – OPPFYLJING AV MEDLEMENE – OPPFYLJING FRÅ STYRET*

*Heimesida til Vassvøri sogelag er mynta på medlemene, på styret og den daglege drifta. Meininga er og må vera å halda medlemmer og andre interesserte i arbeidet til laget. Då må medlemene får vita kva årsmøtet har vedteke, kva planane er framover, men også gjerne innspel frå medlemmer til styret, og kva styret meiner i slike høve.*

*Siste året, ja endå lenger har heimesida ikkje vore brigda eller oppfylgt. I tre år har soga til laget lege på framsida, og like lenge har stykket om Knute Nelson lege til oppslag. No er det snart halvanna år sidan kulturprisen, og det som skjedde då, er der framleis. Han er ei ære, men han skal samstundes vera ein puff og styrke til vidare arbeid. Sjølv når Frå Fjell til fjord kom i november, tok det over ei veke før dette kom med her.*

*Framsida må heretter mellom anna verta oppfylgd med:*

- a) Årsmøtesaker med mellom anna val, glytt frå siste årsmelding og litt om rekneskap.*
- b) Tiltak som årsmøtet har vedteke, når og kvar.*
- c) Tiltak og oppfylgjing etter årsmøte og styremøte*
- d) Innspel og fristar til sokeskriftet*
- e) Open plass til innspel og framlegg frå medlemene*
- f) Korte meldingar, gjerne med bilete frå medlemene og andre*
- g) Fåfunn og framlegg til arbeidsoppgåver frå medlemene og andre interesserte, til dømes eit bilete kvar månad om natur, bygg, turar, vegar og anna med kort tekst til.*

*Altså, skal heimesida vera inngangen til sogelaget, der og vedtak vert oppfylgd, og der innspel vert lagde fram med føremålet å halda på lagsfolket og verva nye i laget.*

*Sida skal fylgjast opp når noko skal henda eller noko hender, og det skal skje når der og då. Ei oppdatering i kvart kvartal må vera eit minstemål.»*

22.02. 2026. Arne Skjerven

Arne Skjerven, som deltok på møtet, gjorde greie for saka, og understreka at Heimesida er viktig, både for medlemmer og andre.

Styret la deretter fram fylgjande forslag til vedtak:

«Årsmøtet gir styret i oppgave å fylgja opp Heimesida slik Arne Skjerven har gjort greie for i brev datert 22.02.2026.

Styret har elles ein merknad til saka: Styret vil oppmoda medlemmer som har høve til det å møta fram på årsmøtene. Dei medlemene som legg fram saker til årsmøtet vert spesielt oppmoda om å møta. Tanken bak det er at forslagsstillaren sjølv kan gjera greie for saka, og oppklara eventuelle mistydingar.

Styret i Vassvøri sogelag  
23.03.2026»

Dag Finne hadde fylgjande kommentar til saka:

«Formålet til laget med å nytta digitale plattformer, er å ha ein tilfredsstillande kommunikasjon med medlemmane. I noverande kommunikasjon er dette fordelt med meldingar for å informera medlemmer (via Facebook og e-post) samt Heimesida med primærfunksjon som arkiv og generell informasjon om laget. I lys av innkomne forslag til årsmøtet skal styret på nytt vurdere korleis balansen mellom bruk av sosiale media og heimesida skal vera.»

Maya Mykkeltvedt hadde fylgjande replikk: "Ein kan kanskje også vurdere å ha ein link til facebookside på heimesida for å visa interesserte at det fins fleire plattformer med informasjon".

Styret sitt forslag til vedtak vart godkjent av årsmøtet, med kommentarar frå Dag og Maya.

### **Val:**

#### **Styret i 2025 har vore:**

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie	valt for 1 år i 2025
Nestleiar: Knut Mestad	valt for 2 år i 2025
Kasserar: Svein Magne Mykkeltvedt	valt for 2 år i 2024
Skrivar: Kåre Olav Aldal	valt for 2 år i 2024
Styremedlem: Arne Johan Flansås	valt for 2 år i 2025

#### Varamedlemer:

Terje Styve	valt for 1 år i 2025
Inger Marie Hernes	valt for 1 år i 2025
Revisorar:	
Ivar Hernes	valt for 1 år i 2025
Norvald Lien Mugås	valt for 1 år i 2025

### **Val 2026:**

Dag Finne (leiar) og Einar Horvei møtte frå valnemnda. Dag Finne presenterte fylgjande framlegg frå valnemnda:

#### Styremedlemer:

Siw Kari Ulvund (ny)	valt for 2 år i 2026
----------------------	----------------------

Anne Marit Finne (ny)	valt for 2 år i 2026
Astrid Rongen (ny)	valt for 2 år i 2026

Desse vart einstemmig valt av årsmøtet.

I tillegg er desse medlemmer i styret, og ikkje på val:

Knut Mestad	valt for 2 år i 2025
Arne Johan Flansås	valt for 2 år i 2025

**Leiar:** Valnemnda la ikkje fram forslag til leiar. Etter noko diskusjon om leiarvervet, med sær møte, sa Siw Kari Ulvund seg villig til å vera leiar for eitt år. Ho vart deretter einstemmig valt av årsmøtet med akklamasjon.

Varamedlemer:

Terje Styve: Attval	valt for 1 år i 2026
Jan Bolstad (ny)	valt for 1 år i 2026
Revisorar:	
Ivar Hernes: Attval	valt for 1 år i 2026
Norvald Lien Mugås: Attval	valt for 1 år i 2026

Valnemnd:

Valnemnda for 2025 har vore:

Dag Finne, leiar	valt for 3 år i 2023
Einar Horvei	valt for 3 år i 2024
André Brunborg	valt for 3 år i 2025

Det er årsmøtet som vel valnemnd. Ifylgje vedtektene skal det veljast ein ny medlem kvart år, og den som har site lengst i nemnda går ut.

**Ny valnemnd:**

Einar Horvei, leiar	valt for 3 år i 2024
André Brunborg	valt for 3 år i 2025
Grethe Finsrud Agerlie (ny)	valt for 3 år i 2026

**Planar for 2026:**

Sogelaget har søkt om tilskot til å restaurere postbryggja på Bolstad. Om ein får nok tilskot, vert tiltaket gjennomført i år. Vidare har laget teke på seg å få på plass stadnamn-skilt langs Rongavegen på Bolstad. Her vart det sett opp skilt for mange år sidan, men dei fleste er no vekke. Steinkvelvbruene i Teigdalen treng ei opprusting. Dette er særleg rydding av kratt og måling av rekkverk. I Storestigen er det kome ned vindfall, som må ryddast. I tillegg bør rekkverket målast der og. Tilsyn og slått rundt husa ved Knute-Nelson-stova på Kvilekvål er eit årleg tiltak. Elles vert det opp til det nye styret å gjennomføre fleire tiltak.

**Takk for innsatsen:** Grethe delte ut gåver til skriftnemnda, som takk for godt arbeid. Svein Lien vart tildelt gåve for administrering av heimesida. Det vanka gåve til Ottar Bergstad, som også dette året har gjort ein stor innsats ved sal av årbøker. Grethe delte ut blomar til styremedlemene som takk for god innsats.

**Grethe takka av som leiar.** Ho har vore med i styret i heile 22 år samanhangande. Ho har vore leiar sidan 2009. Knut Mestad overrekte ein blomebukett og takka Grethe for stor innsats gjennom mange år. I tillegg fekk ho eit gåvekort frå styret for innsatsen.

Kåre Olav Aldal har vore styremedlem sidan 2007, og skrivar det meste av tida. Svein Mykkeltvedt har vore styremedlem og kasserar sidan 2014. Grethe delte ut kvar sitt gåvekort som takk for innsatsen.

**Kåseri.** Etter ei kaffiøkt med heimebakt kringle var det klart for kåseri. Som innleiing til kåseriet song møtelyden «Singel og sand» av Monrad Holm Jensen og Salhuskvintetten. **Odd Helland** fortalde historia om sandfrakt i Indre Osterfjorden, og om boka «Sandfolket», som kom ut i 2025. Odd har vore med og gitt stoff til boka, og er ein av dei som som kjenner best til saga bak sandfrakt. Han drog ei linje frå den spede starten med frakting av leire til stordomstida med sand og singel etter siste verdskrigen. Ei god framføring med tale og bilete frå farne tider. Det vart og høve til å kjøpa boka, som er utgitt på Leirfuglen forlag. Stor takk til Odd for spennande og dramatisk historie! Grethe takka for kåseriet, og Odd fekk ei spekepølse frå Evanger Pølsefabrikk med seg heim.

Til slutt takka Grethe for frammøtet, og ynskte alle vel heim.

  
underskrift

  
underskrift